

GULEN KOMMUNE

MØTEBOK

KONTROLLUTVALET I GULEN KOMMUNE

Møtestad:	Rådsalen	Møtedato:	27.01.2011	Frå kl.:	10:00
				Til kl.:	13:00

Faste medlemmer i Kontrollutvalet:	Møtte:	Forfall:	Merknader:
1. Inger L Grimen, 5970 Byrknesøy (Leiar)	X		
2. Kjartan Oppedal, 5961 Brekke		X	
3. Jan Helge Kristensen, 5961 Brekke	X		

Personlege varamedlemmer:	Møtte:

Ordføreren har møte og talerett i utvalet:

Andre som møtte:

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.
Rådmann Martin W Kulild i sak 07/10

Saker som vart handsama / drøfta i møtet:

- Sak 01/11 | Skriv og meldingar.
Sak 02/11 | Møteplan for kontrollutvalet i Gulen
Sak 03/11 | Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet i Gulen
Sak 04/11 | Vurdere manglande iverksetjing av vedtak
Sak 05/11 | Rapport forvaltningsrevisjon og selskapskontroll- fullmakt frå kontrollutvalet til å legge ut på heimesida til FKT
Sak 06/11 | Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit
Sak 07/11 | Orientering - Investeringsprosjekt
Sak 08/11 | Oppfølgingsliste 1-2011 Gulen.
Sak 09/11 | Eventuelt.


Merknader:

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste


UNDERSKRIFTER:

5966 Eivindvik 27.01.2011

Inger Lexander Grimen, leiar



Jan Helge Kristensen




Vidar Øvrebø, Sekretær

001/11 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebøt. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.01.2011	001/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01/11: Brev frå KRYSS-revisjon datert 5. januar 2011. – ”Rådmann sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald.”
SM 02/11: Prosjektplan – Selskapskontroll NGIR IKS
SM 03/11: Medlemsbrev nr. 1/2011 – Forum for Kontroll og tilsyn.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

002/11 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GULEN 2011

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 03.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.01.2011	002/11	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan 2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Gulen for 2011 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Møteplan for kontrollutvalet i Gulen for 2011 vert godkjent.

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GULEN 2011

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Gulen for 2011.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2011 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL GULEN KOMMUNE 2011

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	27.		24.		25.					4.		
FORMANNSKAP		1.	17.		12	9.			1.	6.	10.-24.	
KOMMUNESTYRET		10.		14.		14.			16.	13.		15.

003/10 ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET I GULEN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 13.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.01.2011	003/11	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2010 frå kontrollutvalet

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet i Gulen kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet i Gulen kommune vert godkjent.

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET I GULEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet til kommunestyret.

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

”utkast”

Gulen kommunestyre

ÅRSMELDING 2010 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Gulen kommune har i år 2009 vore samansett slik:

Medlemer:

Inger Lexander Grimen (leiar)

Kjartan Oppedal (nestleiar)

Jan Helge Kristensen

Aramedlemer:

Berte haveland

Oddgeir Willy Oppedal

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø og Asgeir Tveit har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2010.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; ”Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar” av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2010 har kontrollutvalet i Gulen hatt fem møte der det er handsama i alt 32 saker.

Kontrollutvalet tinga i 2007 forvaltningsrevisjonsprosjektet: ”Sjølvkostberekningar VAR-sektoren/andre gebyrinntekter”. Rapport for prosjektet vart levert av KRYSS-revisjon og handsama i kontrollutvalet i januar 2010.

I 2010 tinga Kontrollutvalet forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Kontroll av økonomistyringa – inntektssida” frå KRYSS-revisjon. Rapport for prosjektet vert levert og vil bli handsama i kontrollutvalet i 2011.

Kontrollutvalet har i 2010 på førespurnad frå Regionrådet Nordhordland IKS slutta seg til forvaltningsrevisjonsprosjekt for å sjå etter om NGIR IKS har eit forsvarleg system for å fastsette gebyra innanfor sjølvkost og til å gjere etterkalkulasjon for kvart år. Prosjektet vert gjennomført som eit samarbeid mellom eigarkommunane. Kontrollen vert utført av Nordhordland Revisjon.

Kontrollutvalet har i 2010 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett.

Kontrollutvalet har følgd opp sak frå 2009 ”Prosjektrekneskapar – politisk handsaming.” då det ikkje er blitt lagt fram prosjektrekneskapar for politisk handsaming i 2007 og 2008. Kontrollutvalet har bede om at

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Økonomireglementet vert endra og at det snarast vert lagt fram sluttrapport/prosjektrekneskap for revisjon og politisk handsaming.

Kontrollutvalet har også høve til å kalle inn rådmannen for å orientere om saker. Såleis har rådmannen vore i kontrollutvalet og orientert om omsorgssektoren.

Kontrollutvalet hadde også oppe sak og der dei vurderte og gjorde vedtak vedrørende innkomne krav om forvaltningsrevisjon av Gulen kommune.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet "Skriv og meldingar", "Oppfølgingsliste" og "Eventuelt".

Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama "Møteplan for kontrollutvalet 2010", "Vurdering av revisor si uavhengigheit", "Årsmelding 2009 frå kontrollutvalet", "Årsrekneskapen 2009 for Næringsfondet", "Årsrekneskapen 2009 for Kraftfondet" og "Årsrekneskapen 2009 for Gulen kommune".

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Gulen den 27. januar 2011

Inger Lexander Grimen
Leiar

Kjartan Oppedal
Nestleiar

Jan Helge Kristensen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

004/10 VURDERE MANGLANDE IVERKSETJING AV VEDTAK

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 14.01.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.01.2011	004/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå Gulen Venstre "Manglande iverksetjing av vedtak", datert 30.desember 2010.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

1. Kontrollutvalet ber KRYSS-revisjon gjennomføre ei undersøking vedrørende sal av to kommunale eigedomar, Rørtveit og tannlegebustad i Eivindvik, kommunestyresak 74/08 "Budsjett 2009/Økonomiplan 2009-2012", 5 d, den 11.12.2008.
2. Kontrollutvalet har fått henvendelse om å finne kva som har hendt i denne saka.
3. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at dette vedtaket er effektuert og ønskjer difor at KRYSS-revisjon undersøkjer kvifor salet ikkje er gjennomført.

Saksutgreiing

VURDERE MANGLANDE IVERKSETJING AV VEDTAK

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Vurdering kring vidare handtering frå kontrollutvalet si side av sak om manglande iverksetjing av vedtak.

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har 30.12.2010 motteke brev frå Gulen Venstre med overskrift ”Manglande iverksetjing av vedtak.”

I brevet går det fram at Gulen kommunestyre vedtok å selje dei to kommunale eigedomane Gnr 15 bnr 43”Tannbu” og Gnr 81 bnr 3 ”Tøyrteit”. Gulen Venstre sende i medhald av kommunelova § 34 interpellasjon til Gulen kommune den 18. februar 2010, der dei bad kommunen gjere greie for årsaka til at vedtak ikkje vart fylgd opp.

I brevet vert det også vist til kommunelova § 23 ”Administrasjonssjefens oppgåver og myndigheit.”

- 1. Administrasjonssjefen er den øverste leder for den samlede kommunale eller fylkeskommunale administrasjon, med de unntak som følger av lov, og innenfor de rammer kommunestyret eller fylkestinget fastsetter.*
- 2. Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

I brevet blir det også vist til kommunelova kap 12 generelt og § 77 spesielt i det Gulen Venstre ber kontrollutvalet om å finne ut kva som er hendt i denne saka.

Kontrollutvalet sitt ansvar er heimla i §§ 77 i kommunelova og nærmare presisert i Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. I merknadane til §4 i forskriftene 1. avsnitt går det fram at kontrollutvalet i prinsippet kan ta opp eit kvart tilhøve ved verksemda i kommunen så lengje det kan definerast som kontroll eller tilsyn. I merknadane til same paragraf, 8. avsnitt, går det fram at kontrollutvalet ikkje har plikt til å handsame andre enn dei saker som det får seg førelagt frå kommunestyret, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Når det gjeld førespurnader frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, så må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka høyrer inn under utvalet sitt kompetanseområde, og om det vil prioritere saka.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at dette er ei sak som ligg under utvalet sitt mynde. Dette, basert på at ein går inn og ser på administrasjonen si handsaming.

Kontrollutvalet skal heller ikkje fungere som eit klageutval. I og med at førespurnaden ikkje kjem frå kommunestyret eller det går klart fram av forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar at det ligg til kontrollutvalet å handtere saka, kan kontrollutvalet velje om dei vil prioritere å sjå på saka.

Vår konklusjon er at kontrollutvalet bør vurdere følgjande tre alternativ:

4. Kontrollutvalet ber administrasjonen om ei utgreiing av saka og får tilsendt vedtak og dokument i saka.
5. Bestille ei undersøking frå KRYSS-revisjon vedrørande saka.
6. Avstå frå å sjå nærare på saka.

Partane vil bli orienterte om kontrollutvalet si handtering av saka.

**005/10 RAPPORTAR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL –
FULLMAKT FRÅ KONTROLLUTVALET TIL Å LEGGJE UT PÅ HEIMESIDA TIL
FKT**

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.01.2011	005/11	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Bystyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- E-post frå FKT til kontrollutvalet, datert 19.11.2010

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet godkjenner at Forum for Kontroll og Tilsyn får leggja ut kommunen sine revisjonsrapportar i PDF-format på heimesida si (www.ffkt.no).

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet godkjenner at Forum for Kontroll og Tilsyn får leggja ut kommunen sine revisjonsrapportar i PDF-format på heimesida si (www.ffkt.no).

Saksutgreiing

**RAPPORTAR FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLL –
FULLMAKT FRÅ KONTROLLUTVALET TIL Å LEGGJE UT PÅ HEIMESIDA TIL
FKT**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Avgjere om FKT skal få fullmakt til å leggje ut kommunen sine revisjonsrapportar i PDF-format på heimesida si (www.ffkt.no).

Saksopplysningar:

Forum for Kontroll og Tilsyn ynskjer fullmakt frå kontrollutvalet om å få leggje ut forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar etter selskapskontroll på heimesidene sine.

I e-post av 19.11.2010 vert det vist til to pkt i rapporten frå KRD ”85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane.”:

Tilråding 55: Kontrollutvala bør leggje forvaltningsrevisjonsrapportar som er ferdigbehandla ut på nettet, så framt dei er offentlege.

Tilråding 56: Det bør vera rettleiing og arenaer for erfaringsutveksling der kontrollutvala og sekretariata kan få kunnskap om korleis dei kan gjere gode tingingar.

Det vert elles vist til e-posten frå FKT for nærare informasjon.

Kontrollutvalet må ta stilling til om dei vil gje FKT fullmakt til å leggje ut Gulen kommune sine forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar etter selskapskontrollar på heimesidene til FKT.

Sekretariatet sine vurderingar:

006/11 VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.01.2011	006/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering av uavhengigheit, datert 4. januar. 2011

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gulen kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 4. januar 2011 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gulen kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 4. januar 2011 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Saksutgreiing

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Viser til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Terje Førde, oppdragsansvarleg revisor for Gulen kommune, har i brev datert 4. januar. 2011 gjeve ei skriftleg egenvurdering av si uavhengighet. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert si uavhengighet med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i egenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t uavhengighet og objektivitet overfor Gulen kommune.

007/10 ORIENTERING – INVESTERINGSPROSJEKT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2011.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.01.2011	07/11	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Gulen kommune om orientering investeringsprosjekt, datert 18.10.2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 04/10 "Prosjektrekneskapar – politisk handsaming"
- Kontrollutvalsak 033/10 "Status investeringsprosjekt".

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå administrasjonen om status for investeringsprosjekt vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orienteringa frå administrasjonen om status for investeringsprosjekt vert teken til vitande.

ORIENTERING – INVESTERINGSPROSJEKT

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Administrasjonen orienterer om status for investeringsprosjekt

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet vedtok i møtet under sak 033/10 "Status investeringsprosjekt" å kalle inn administrasjonen for å få informasjon om status vedrørende slutførde investeringsprosjekt og investeringsprosjekt under arbeid.

Det vert vist til kontrollutvalssak 04/10 "Prosjektrekneskapar – politisk handsaming", 29.01.2010. I denne saka gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet ber om at sluttrapportar og prosjektrekneskapar som etter Reglement for investeringsprosjekt skal leggjast fram for politisk handsaming vert lagde fram for slik handsaming.*
- *Kontrollutvalet ber om at aktuelle prosjekt frå 2007, 2008 og 2009 vert lagde fram for kontrollutvalet snarast. Dersom dette ikkje kan skje innan rimeleg tid, ber kontrollutvalet om ei tilbakemelding om kva tid det kan skje.*
- *Kontrollutvalet ber kommunestyret vurdere endring av pkt. 9 Reglement for investeringsprosjekt i Økonomireglementet for Gulen kommune, slik at det går fram av dette at kontrollutvalet skal gje uttale til sluttrapportar og sluttrekneskapar for investeringsprosjekt i Gulen kommune etter at revisor har skrive revisjonsmelding og før handsaming i formannskapet og kommunestyret.*
- *Kontrollutvalet tilrår at nemnde endring skjer samstundes som den planlagde revideringa av finans- og økonomireglementet.*

Det vert særskilt vist til 2. strekpunkt som inneber at kontrollutvalet ber om at sluttrekneskap og sluttrapport for aktuelle prosjekt i perioden 2007, 2008 og 2009 vert lagde fram for kontrollutvalet snarast. Kontrollutvalet har ikkje fått lagt fram sluttrekneskap eller sluttrapport for investeringsprosjekt enno, og det ynskjer derfor ein status i saka.

Administrasjonen i Gulen kommune er pr. brev 18.10.10 varsla om at ein vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status vedrørende slutførde investeringsprosjekt og investeringsprosjekt under arbeide.

Administrasjonen vart i brevet nemnt ovanfor orientert om at neste møte i kontrollutvalet truleg skulle vere i månadsskifte januar/februar.

008/11 OPPFØLGINGSLISTE 1-2011 GULEN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	27.01.2011	008/11	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2011 Gulen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingslist 1-2011 Gulen vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingslist 1-2011 Gulen vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2011 GULEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 19. oktober 2010.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2011 - Gulen.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gulen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje komme med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
02/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	10.03.09		10.03.09 Vedtak KU. - Orientering frå adm. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Tertialrapportar - Informasjon frå revisor - Kvalitetsrapportar etter tilsyn med revisor. - Status effektuerte kommunestyrevedtak.
004/10 Prosjektrekneskapa – politisk handsaming	28.01.10		10.09.09 Vedtak KU be om at prosjektrekneskapar vert lagt fram for revisjon og politisk handsaming. 11.09.09 Førespurnad til revisor om retningsliner. 01.10.09 Munnleg svar frå KRYSS- finn ikkje at det eksisterer noko skriftleg. 30.09.09 Førespurnad Gulen kommune pr. e-post 2.10.10 Motteke. 29.01.10 Vedtak KU – ber om at prosjekt for 2007,08 og 09 vert lagde fram. Tilråding til kst. – endre økonomireglementet. 29.04.10 Vedtak kst sak 13/10 i samsvar med kontrollutvalet si tilråding. Avventar levering av prosjektrekneskap Sjå sak 033/10
011/10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt. Kontroll av økonomistyringa – inntektssida	25.03.10		16.03.10 Utkast til KRYSS 16.03.10 Svar frå KRYSS 25.03.10 Vedtak KU – godkjent 25.03.10 S KRYSS 14.04.10 Motteke førebels revisjonsplan. S26.05.10 Vedtak KU – Førebels prosjektpian teke til vitande.
023/10 Forv. Prsj. Sjølvkost NGIR – førespurnad	13.09.10		13.09.10 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Sjølvkost NGIR IKS – førespurnad. Vedtak kst sak 033/10 – Blir med løyver 25000 + mva. 08.10.10 Sendt brev til NH-regionråd.
024/10 Budsjett for kontroll og tilsyn 2011	13.09.10		13.09.10 Tilråding frå KU. 13.09.10 2. kst via fm.
028/10 Skriv og meldingar	18.10.10		18.10.10 Vedtak KU – teke til vitande.
029/10 Orientering omsorgsektoren	18.10.10		18.10.10 Vedtak KU – Orienteringa teken til vitande.
030/10 Krav om forvaltningsrevisjon	18.10.10		18.10.10 Vedtak KU – Set ikkje i verk prosjektet. 18.10.10 Brev til adv Stiegler
031/10 Oppfølgingsliste 5-2010 – Gulen	18.10.10		18.10.10 Vedtak KU – Teke til vitande.
032/10 Eventuelt	18.10.10		18.10.10 Vedtak KU – Opprette sak ; orientering om status invpr.
033/10 Status investeringsprosjekt	18.10.10		18.10.10 Vedtak KU – Kalle inn adm.sjef til neste møte i KU. 18.10.10: Brev s. Gulen kommune.

Oppdatert 19.10.10.

009/11 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø, SEKOM- sekretariat
Dato: 17.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.01.2011	009/10	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet ber om å få årleg tilsendt liste "Status på effektivering av kommunestyrevedtak."
- Kontrollutvalet ber om statusrapport frå KRYSS-revisjon på forvaltningsrevisjonsprosjekt "Kontroll av økonomistyringa – inntektssida" tinga av kontrollutvalet i Gulen den 25.03.2010.
- Kontrollutvalet ber Administrasjonen legge møtebøker ut på kommunen sine heimesider på innsyn og kontrollutvalet sine møte på møteplanen til kommunen.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.